

Til Medlemmane i SU

Referat frå samarbeidsutvalet tysdag 1. oktober

Tid: Tysdag 1. oktober kl. 19.30.

Til stades:

Eva Hindenes (Leiar i FAU), Kari Zahl Nævdal (FAU), Henriette Telle (FAU), Eva kristin Eknes (FAU), Gunn Rusten (Lærer), Nina Eide (Lærer), Randi Senneset (Andre tilsette), Johnny Danielsen (Rektor)

Ikkje tilstades:

Anita Bakken (Kommunal repr.), Jens Hindenes (Elevrådet), Tina Hindenes Torsvik (Elevrådet)

Sakliste:

- Sak 01/2019-2020** **Godkjenning av:**
a) Innkalling
b) Sakliste
Både innkalling og saksliste vart einstemmig godkjent.
- Sak 02/2019-2020** **Konstituering**
Leiar: Anita Bakken (Kommunal repr.).
Nestleiar: Eva Hindenes (FAU-leiar).
Skrivar: Johnny Danielsen (Rektor).
- Sak 03/2019-2020** **Gjennomgang av mandatet til skulemiljøutvalet**
Mandatet vart gjennomgått utan kommentarar.
- Sak 04/2019-2020** **Skisse for møteplan**
SMU ønskjer å ha møta i tilknytning til FAU møtene.
Neste møte er måndag 4. november.
Dei to neste møta vert halde i februar og i mai.
- Sak 05/2019-2020** **Oversyn og revidering av ordensreglane.**
Skulen plangruppe har etter gjennomgang med lærarane lagt fram eit forslag til revidering og oppdatering av skulen sitt ordensreglement. Dette vil fram til neste SU møte i november vere på høyring hos FAU og Elevrådet.
- Sak 06/2019-2020** **Alternativ skuledag 30.01.2020 i samband med studietur for personalet.**
I samband med at barneskulen på Ostereidet skal gjennomføre eit utviklingsprosjekt i regi av KS-konsulent om «bistand til leing som fremjer felles struktur, kultur og leing for læring i eit meistringsorientert læringsmiljø på Ostereidet barneskuleskule», drar dei fleste tilsette på studietur til Aberdeen (Skotland) i samband med planleggingsdagen 31. januar 2020. For å få dette til må dei tilsette reise etter skuletid onsdag 29. januar, og dermed ta ein ekstra planleggingsdag torsdag 30. januar. Vi vil likevel gjennomføre skuledagen (og SFO) for elevane denne torsdagen, med dei av dei tilsette





som ikkje skal dra på tur, innleigde vikarar og eventuelt hjelp frå 10. trinn på USK med dei minste elevane. Denne dagen vil naturlegvis få eit noko alternativt innhald som lærarane planlegg før dei drar, og informasjon til heimane kjem ut i god tid.

Sak 07/2019-2020

Eventuelt.

Ingen saker vart meldt.

Med helsing

Johnny Danielsen - rektor

